



Ein tremanns bustad i byggefeltet Ospelinden vart ferdigstillt i 2017.

**Byggestatistikken, for 2017 er klar Oversikten syner ferdige husvære og hytter i året som gjekk. Til husvære høyrer einebustader, tomanns bustader og fleirmanns bustader. Uskedalen med 6 ferdige husvære i 2017 kjem på 4. plass bak Husnes, Rosendal og Halsnøy/Fjelberg.**

2017 var det året då Uskedalen var høgt oppe på lista. Heile 14 husvære vart ferdigstillt i 2016. Truleg har dette samanheng med 6 ferdige seksjonar i Sunnhordland Prosjektutvikling sitt bygg på Brekketoppen. Byggeaktiviteten i 2017 har vore på det jevne. I tillegg til 6 ferdige husvære kjem ei ferdig hytte.

Husnes toppar lista med heile 18 husvære. I dette talet ligg som sagt kommunale småhusvære og husvære i bufellesskap. Det same gjeld for Rosenfdal med 16 ferdigstilte hus. Halsnøy/Fjelberg kjem på plassen før Uskedalen med 9 husvære. Dimmelsvik med fire hus kjem bak Uskedalen i 2017.

Jon Harald Kjærland på Byggesakskontoret skriv at den totale bygginga i Kvinnherad i 2017 er 61 ferdige husvære, det same talet som året før. Det er ei jevn og god utvikling.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal